



Time kommune  
Postboks 38  
4349 Bryne

Postadresse:  
Postboks 59 Sentrum,  
4001 Stavanger

Besøksadresse:  
Lagårdsveien 44, Stavanger

T: 51 56 87 00  
F: 51 52 03 00  
E: fmropost@fylkesmannen.no

[www.fylkesmannen.no/rogaland](http://www.fylkesmannen.no/rogaland)

## Trekking av klage til rammeløyve for nytt varehus på gnr./bnr. 4/199, Myrvegen 3, Bryne, Time

Me viser til kommunen si oversending i saka, datert 09.08.16.

### *Bakgrunn*

Saka gjeld etablering av Biltema AS på gnr./bnr. 4/199, Myrvegen 3, Time. Kommunen sitt utval for lokal utvikling vedtok i sak 041/16 å gi rammeløyve til omsøkte etablering. Fylkesmannen klaga på vedtaket i brev den 10.05.16. Kommunen tok ikkje klaga til følgje, og opprettheld vedtaket om rammeløyve, jf. sak 069/16 den 08.08.16.

### *Vurdering av kommunen si grunngjeving*

I kommunen si grunngjeving for å oppretthalde vedtaket, har vi lagt vekt på:

- At omsøkte etablering er ei relokalisering av ein allereie etablert næringsaktør i kommunen. Biltema AS har vore etablert utanfor sentrumsområdet på Bryne i fleire år.
- Fylkesutvalet i Rogaland fylkeskommune har gitt samtykke til at tiltaket kvalifiserer for unntak i regionalplanen § 4.2, jf. sak 93/16 av 07.06.16.
- Time kommune presiserer at relokalisering av Biltema AS si verksemd på Bryne ikkje medfører endringar i deira haldning om å styre detaljvarehandel til sentrum av Bryne.

### *Konklusjon*

Fylkeskommunen har overtatt Fylkesmannen sitt samtykkeansvar innan handelsetableringar etter gjeldande Regionalplan for Nord-Jæren. Det er lagt vekt på lokalt og regionalpolitisk skjønn.

Fylkesmannen trekkjer klaga og kommunen sitt vedtak blir ståande.

Med helsing

Harald Thune  
ass. fylkesmann

May Britt Jensen  
fylkesmiljøvernshjef

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.

Saksbehandlar: Ragnhild Christin Utne Askeland  
Saksbehandlar telefon: 51568934  
E-post: fmrorca@fylkesmannen.no

Kopi til:  
Rogaland fylkeskommune Postboks 130 4001 Stavanger